



MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 22.2.2013
Stad: Flå, Jakt- og Fiskesenteret

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tony Kjøl,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Hallvor Lilleslett,	Gol kommune
Tor Magnussen,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

- Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar
- Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Anne Sandum og Tom Hauger, og regionkontakt Terje Moen
- Rådmannsutvalet deltok i sak 04 - 08

SAK 04/13 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 25.1.2013

Vedtak

Møteprotokoll for møte 25.1.2013 vart vedteke.

SAK 05/13 INTERKOMMUNALT SAMARBEID, FORDELING AV HUSLEIGEKOSTNADAR

Til møte var det lagt fram notat frå rådmennene, som drøftar problemstillingar i samband med husleigekostanadar ved interkommunalt samarbeid.

I møte vart det og lagt fram formulering frå rådmannsutvalet som hadde vore drøfta, utan at det var full semje:

Det er enighet om at det er ein klar fordel for vertskomunen å få lokalisert eit interkommunalt samarbeid. Rådmennene er enige i at størrelsen på denne fordelen kan setjast til størrelsen på vanleg husleie. Derfor er det enighet om at vertskommunen ikkje skal fakturer dei andre kommunane for vanlege husleigekostnader som eit utgangspunkt. Det skal ved etablering av samarbeidstiltak inngåast avtale om tiltaket der spørsmålet om husleigekostnadane skal avklarast. Dersom kommunane kommer fram til eit annet resultat enn ovenstående prinsipp skal den avtalte løsningen gjelde.

Regionrådet drøfta saka som er samanfatta slik:

- Det blir sett på som ein fordel å vera vertskommune for interkommunalt samarbeid
- Vertskommunen skal som prinsipp ikkje fakturere dei andre kommunane for vanlege husleigekostnadar.
- Ved samarbeidstiltak som set spesielle krav til bygningsmasse må fordeling av kostnadar vurderast i det einskilde tilfelle.
- Det må skiljast mellom eksisterande og nye tiltak. Eksisterande samarbeidstiltak har eigne samarbeidsavtalar som eventuelt må reforhandlast, noko som krev likelydande vedtak i samarbeidskommunane. Om det skal arbeidast for å reforhandle eksisterande avtalar vart det ikkje teke endeleg stilling til.
- Fordeling av husleigekostnadar må ikkje bli ein brems for interkommunalt samarbeid

- Det skal arbeidast for at nytt prinsipp for fordeling av husleigekostandar skal gjelde frå 1.1.2014.
- Regionrådet/rådmannsutvalet skal drøfte saka nærare på neste regionrådsmøte.

SAK 06/13 SKJØNNNSMIDLAR FRÅ FYLKESMANNEN, 2013 – PRIORITERING AV PROSJEKT TIL FORNYING OG OMSTILLINGSTILTAK

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal vil med bakgrunn i rådmannsutvalet si innstilling og tidlegare vedtak, prioritere følgjande prosjekt for tildeling av skjønnnsmidlar for 2013:

- | | |
|--|-------------|
| • Felles løft for tidlig innsats: | kr. 350.000 |
| • Fornying og effektivisering av serverpark og IKT-tjenester | kr. 175.000 |
| • Prosjektarbeid for lokalmedisinske tjenester i Hallingdal | kr. 175.000 |

SAK 07/13 SØKNAD OM TILSKOT TIL FÅREFESTIVALEN 2013

Saka vart utsett for nærare vurdering av det prinsipielle ved å gje tilskot til denne type arrangement, og om det eventuelt er midlar det kan søkast på i Buskerud fylkeskommune, under posten festivalstøtte.

SAK 08/13 EVENTUELTT

Bulyst 2013

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal støttar søknad frå Flå kommune om bulystmidlar 2013 «Flå kontoret», og ser det som ein god oppfølging av Hallingdal2020.

Kritisk situasjon for skogbruket i Hallingdal

Skogbruket på heile Austlandet står i oppe i ein svært alvorleg situasjon, etter Södra si avgjerd om å selje eller legge ned Södra Cell Tofte innan juli i år. For Hallingdal gir dette store konsekvensar på grunn av lange avstandar til alternative marknadar for tømmer.

Vedtak

Tor Egil Buøen og Knut Arne Gurigard får ansvar for å skrive brev til Buskerud fylkeskommune v/fylkesordføraren, for å synleggjera den alvorlege situasjon skogbruket i Hallingdal kan koma i, dersom Södra Cell Tofte blir lagt ned.

Felles samling 21-22.3

I samband med samling regionrådet/rådmannsutvalet skal m.a. følgjande tema vera på dagsorden:

- Hallingdal Barnevern
- IKT-samarbeidet
- Hallingdal 2020
- Interkommunale samarbeid og budsjettprosess
- Event. møte med politimeisteren

Stemmerettsjubileet 2013

Det vart drøfta om det skal vera nokon felles markering av Stemmerettsjubileet 2013, utan at det vart trekt nokon endeleg konklusjon.

Ål 3.3.2013

for rådsordførar
Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar